



Dato: 24.10.2017

Arkiv:  
Vår ref (saksnr.):  
Journalpostid.:  
Dykkar ref.:

### Referat frå FAU-møtet 28.09.2017

På det første møtet i skuleåret er både «gammalt» og nytt FAU inkalla. Dette for å få ei god overlevering av viktig informasjon.

#### Desse møtte:

FAU 2017-18: Lise Kindervåg, 1.trinn, Marlen Lindeland Sæther, 2.trinn, Øyvind Opstad 3.trinn  
Janne Bore, 5.trinn, Idar Ree, 6.trinn, Beate Alsvik, 7.trinn  
Rolf Thu og Laila Tørresby møtte som «utgåande» representantar.  
Forfall: Tove Thu, 4.trinn.

#### Sakliste:

##### **Sak 1 17-18 Informasjon om arbeidet i FAU (Foreldra sitt Arbeids-Utval) v/ rektor og leiar 2016-17, Rolf Thu**

Dei viktigaste sakene FAU har arbeidd med det siste året er trafikk-aksjonen og arbeid med forslag til utforming av uteområde mellom Rosseland skule og Time vgs. Rosseland skule skal bruka dette bygget til 6. og 7.trinn frå hausten 2018. Vidare har FAU ansvaret for planlegging og koordinering av 17.mai-arrangementet, men det er foreldra på 6.trinn som har hovudansvaret for sjølve dagen.

##### **Sak 2 17-18 Orientering om økonomi.**

FAU har pengar på bok, som skal koma alle elevane til gode. Det er 17.mai-arrangementet som gir pengar i kassa. FAU finasierer den årlege Trivselsleiar-kontingenten, foreldremøter om nettvett, og ein sum pr.elev til avslutningsfesten på 7.trinn.

##### **Sak 3 17-18 Konstituering; val av leiar, nestleiar, sekretær og kasserar**

Leiar: Lise Kindervåg. Nestleiar: Øyvind Opstad Kasserar: Tove Thu  
Sekretær: Marlen Lindeland Sæther.

##### **Sak 4 17-18 Val av representantar til samarbeidsutvalet (SU), skulemiljøutvalet (SMU) og kommunalt foreldreutval (KFU)**

**SU:** Lise Kindervåg og Øyvind Oppstad

**SMU:** Lise Kindervåg, Øyvind Opstad, Janne Bore og Beate Alsvik

**KFU:** Lise Kindervåg

##### **Sak 5 17-18 Kort om oppstarten av skuleåret v/ rektor**

Skuleåret er godt i gang, og oppstarten har gått bra på alle måtar. Skulen er blitt stor, men har gode rutinar og prosedyrar som gjer at ting fungerer bra. 3 av lærarane skal ut i fødselspermisjon no i oktober, og det har vore svært utfordrande å få tak i vikar for desse. Dette er no på plass, og informasjon vil gå ut til dei aktuelle klassane før haustferien

##### **Sak 6 17-18 Skulen sin trafikkplan og ev. «Trafikk-aksjon» hausten 2017**

Skulen har ein eigen trafikkplan, som ligg på heimesida. Lise Emberland er «trafikklærer» på skulen.

«Gå til skulen»-aksjonen denne hausten blir arrangert i veke 42

**Sak 7 17-18 17.mai - arrangementet. Viktige ting å hugsa på.**

Representanten på 6.trinn fekk orientering om trinnet sitt ansvar i forhold til gjennomføringa av 17.mai-arrangementet. Det er laga ein infoperm som blir revidert på bakgrunn av dei erfaringane som blir gjort kvart år.

**Sak 8 17-18 Skulen sin beredskapsplan.**

FAU blei informert om at skulen har utarbeidd ein beredskapsplan for ev. skarpe situasjonar. Den innhald mellom anna evakueringsrutinar og varslingsrutinar.

**Sak 9 17-18 Skolefotografering**

Skulekatalogen og bilete fra Ariel foto er klare til haustferien.

Skulen har hatt eit godt samarbeid med Ariel gjennom fleire år. Dette året var det ei stor endring.

Skulekatalogen, som før var gratis, kostar no kr.159,- . Det er ei ganske stor auke!

Andre firma leverer framleis ut skulekatalogen gratis. FAU vil vurdera andre tilbod, og ta ei avgjerd for skuleåret 2018/19 på neste møte.

Neste møte blir torsdag 19.oktober kl. 20.00.

Geir Soma  
rektor

**Kopi til:**